

BOKN BYGDEBLAD

NR. 3

APRIL 1990

ÅRG. 5


UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

GASSRØYR KAN GI BOKN 1 MILL. ÅRLEG

Dersom styresmaktene innen sommarferien behandlar og godkjenner oljeselskapa sine planar om at gassrøyrledninga frå Sleipner til Kårstø skal

leggjast over Bokn, vil Bokn kommune årleg få rundt 1 mill. kroner i eigedomsinntekter.

framh.s.2



Bokn alternativet har tidlegare vore lansert som eit reserve-alternativ, men i midten av mars vart det kunn-gjort at Sleipner-gruppa går inn for dette alternativet. Bakgrunnen er at Statoil dermed ikkje treng grava und-ersjøisk tunnel ved Kalstø på Karmøy. På Bokn kan ledninga tas i land utan å gå gjennom tunnel, og alt kan reali-serast over eit kortare tidsrom.

Etter at meldinga vart kjend, har man-ge rekefiskarar på Karmøy protestert

på gassrøyr-trasèen. Dei seier at trasè-en ligg i det beste reke-feltet i heile nord-fylket.

På bakgrunn av dette har også Karmøy formannskap gjort eit vedtak om å protestera på trasèen, og ber om at ledninga må gå over Karmøy - paral-lelt med den som går i dag.

Den 28. mars hadde Statoil i samarbeid med Bokn kommune eit informasjonsmøte om gassrøyrledninga.


ALVESTADKROKEN IKKJE SPESIALOMRÅDE

Ved 2.gongs behandling av kommune-delplan Alvestad/Øyren-Are den 16. mars vart det gjort slikt samrøyst-es vedtak i Bokn kommunestyre:

"Spesialområde - bevaring av sjø-husbebyggelse i Alvestad går ut av planen. Kommunen bør i samarbeid med

eigarane og andre impliserte, ar-beida vidare med saka for å finna praktiske løysingar for området. Det er føresetnaden å koma attende til saka ved første rullering av komm-uneplanen".

Forslaget vart sett fram av Leif Vatnaland (Sp).



FÆRRE BYGNINGSBRANNAR - FLEIRE OMKOMNE

Det er nedgang i bygningsbrannar i Norge med 11% i 1989 i høve til 1988. Rogaland var det 129 brannar i bustad-72 menneske omkom som fylgje av brannar i 1989. Flest brannar i bustader i 1989. Dette er 15 fleire enn i 1988. her i fylket, var det i Stavanger, med 32. I Bokn var det 1 brann i bustad i Totalt var det 2.906 brannar i Norge 1989.

PETRA PÅ TUR

Fredag den 16.februar reiste fritidsklubben "Petra" på tur til Sauda.Me reiste frå Føresvik kl. 16.00,og då me kom til Austre Bokn stod det buss og venta på oss.Bussen leigde me av Haugaland Billag,og Gunnar Sæbø var med som sjåfør. Me blei også sponsa av SR-Bank,så me markerte buss og bager med SR-Bank klistremerker.Dermed begynte turen til Sauda.Sjølv om vegen var glatt, kom me oss fram til Sauda i 19-tida.

Då me kom fram fekk me hytter og måtte pakke ut.Etterpå måtte me selvfølgelig ha mat,så me sette i gang med å koke suppe.Det var godt med mat etter bussturen.Utpå kvelden/natta begynte heile gjengen å bli trøtte,så me før på hyttene å la oss.

Lørdagsmorgon stod me tidleg opp, fordi me skulle opp i slalombakken. Me før opp i slalombakken i halv 10-tida.Dei som ikkje hadde skiutstyr med seg kunne leiga på skisenteret. Mesteparten stod slalom,men dei som ikkje ville kunne sitte inne på varmestua å sjå på dei andre som rann. På varmestua var det fjernsyn,kafè og god utsikt over slalombakken.Veret var ganske bra i slalombakken, sjølv om det snøa ein del.Me var i slalombakken til kl.16.00.

Seinare på kvelden fekk me leige TV-stova i Saudasjøen,der me låg, og på TV-stova hadde me underholdning. Me hadde ein underholdningskomité som stod for underholdninga,og dei gjorde ein god jobb.Då dei stengte på TV-stova før me å la oss.

Søndag morgon då me vakna var det regn ute.Men me ville opp i slalombakken for det.

Det var ikkje alle som ville stå slalom i dag.Men nokon likte seg visst ute i regnet.

Klokka gjekk og me måtte tenka på heimturen.Me reiste frå Sauda i 17-tida.Det var ein trøtt gjeng som sat på bussen.I 18.30-tida var me heime på Bokn att.Alle var nok enige om at me hadde hatt ein kjekk tur.

Me i fritidsklubben vil gi ein spesiell takk til Tove Langvik,Olav Rossebø,Tor Kjell Foss og Arne Øvrebø som var ledarar på turen.SR-Bank må også takkast for sponsinga.Og Gunnar Sæbø som tok på seg jobben som sjåfør fortjener også ein takk.

For utan ledarar og sjåfør hadde det ikkje blitt nokon tur.

KAFE PÅ BOKN?

Bokn er i ferd med å bli landfast, og en har alt merket en økende trafikk av besøkende som ønsker å se hva kommunen har å by på.Mange av de som kommer er turkjørere (søndagskjørere) som finner Bokn interessant som turmål. Også busselskaper er begynt å få henvendelser fra foreninger som bl.a. pensjonistforeninger om turer til Bokn.En merker derfor en økende etterspørsel etter en kafè der en kan stanse for en matbit og en kopp kaffi.

Bokn har i kommuneplanen pekt på turisme som et satsingsområde. Pr. i dag finnes ingen tilbud til reisende,noe en håper først og fremst at lokale initiativtakere skal endre på.

Mange har ytret ønske om bl.a. å etablere kafè,men ennå etterlyser vi en eller flere personer som har konkrete planer og søker bistand for å se på mulighetene.

Undertegnede håper at en eller flere som har planer eller tanker om kafèdrift vil ta kontakt for en uforbintlig samtale. Jeg er å treffe hver tirsdag.

Næringskonsulenten

STOR TRAFIKKAUKE MED FERJA

Etter at ferja slutta å gå til Kopervik ved årsskiftet,og pendeltrafikken over Boknasundet tok til, har det vore ein stor auke både i bil- og passasjertrafikken med ferja.

Dersom ein samanliknar februar mnd. 1989 med februar mnd. 1990,viser det at p.b.e.(personbileiningar) i februar 1990 auka frå 2.381 i febr. 1989 til 3.570 i 1990.Dette er ein auke på 1.189 eller 53%. Passasjertalet auka med ca. 40%.

Det er driftssjef Barkved ved Rogaland Trafikkselskap som opplyser dette til bygdebladet.

400 TONN LAKS ØYREN-FELTET FRÅ BOKN FISKEMOTTAK TIL BUSTADOMRÅDE

1.kvartal 1990 har det gått 400 tonn laks gjennom Bokn Fiskemottak. Av dette er ca. 140 tonn gått til innfrysing hos Iglo i Hauge-sund. 260 tonn er pakka for eksport. Det er firmaene Skaarfisk, Iglo Aqua Group og Noa Gourmet Seafood som tek imot laksen for eksport. Leverandørane er lokale oppdrettarar i Bokn, Kvitsøy og Tysvær.

I januar, februar og mars har det vore jamn produksjon. Berre 15-16 dagar har vore utan fisk. Det er Bjørn E. Gundersen som opplyser dette til bygdebladet.

Marknaden for laks ser nå ut til å stabilisera seg, og Gundersen håpar på at bedrifta vil få jamnt med arbeid framover. Bedrifta har i dag 16 tilsette.

FOR DYR NAUSTTOMT

Bokn kommunestyre gjekk den 16. mars imot å gi Dagfinn Bokneberg og Magne Alvestad konsesjon til kjøp av gnr.11, bnr.70 på grunn av for høg pris.

Kjøpet galdt eit areal innafor 2. moloen i Alvestadkroken på 250 m² til ein pris av kr.185.000,-. Dvs. ein m² pris på kr.740,-.

Også landbruksnemnda hadde gått imot konsesjon av prismessige grunnar.

INFORMASJON FRÅ HAGELAGET

Utleige av jordfresar og plenløftar.

Pris kr.30,- pr.dag for medlemmer, og kr.100,- pr.dag for ikkje medlemmer.

Leige av kompostkvern er gratis.

Kjøp av bark - meld frå før 10.april. Kr.220,- pr. m³

Kontakt Arne Ognøy, tlf.748364 etter kl.16.00.

Ved 2.gongs behandling av kommunedelplan Øyren/Alvestad-Are i kommunestyret den 16.mars vart det med 12 mot 5 røyster vedtatt at heile det opprinnelege Øyren-feltet skal leggjast ut til bustadområde. Det vil seia at også eit område på ca. 6 mål dyrka mark går inn i bustadområdet.

Forslaget om å ta den dyrka jorda ut av planen for bustadområdet vart fremma av Sigurd Johnny Svendsen (Krf).

BOKNARAR HANDLAR I AKSDAL-SENTERET

MEN INGEN AUKA HANDELSLEKKASJE FRÅ BOKN

Mange har spådd at når fastlandssambandet er realisert, vil folk kjøra til Tysvær og Haugesund (3-4 mil ein veg) for å handla - også daglegvarer.

Bokn Bygdeblad har snakka med senterleiar Frøland i Aksdal-senteret, og med dei 3 som driv handel i Bokn. Senterleiar Frøland seier at ekspedertørane i butikkane i Aksdal-senteret fortel at det er registrert ein del boknarar i senteret etter at Austre Bokn vart landfast, men dei har ikkje tal på om det har vore auka handel p. g.a. dette.

Dei skal nå pussa opp senteret innvendig med fargar, blommar m.v., slik at det skal bli trivelegare.

Hos dei lokale butikkane i Bokn får bygdebladet opplyst at dei ikkje har registrert nedgang i omsetnad dei første månadene i høve til i fjor. På Austre Bokn som alt er landfast, er det registrert litt oppgang i høve til i fjor dei to første månadene av året.

Ein kan vel difor slå fast at så langt er det ingen registrert auka handelslekkasje.

I alle fall er det for tidleg å seia noko sikkert om korleis dette vil utvikla seg før Vestre Bokn har fått fastlandssamband. Til nå synes det som om at folk stort sett kjøper daglegvarer lokalt som før.

BOKN SWINGKLUBB

Bokn swingklubb er etterkvart blitt ein aktiv organisasjon. Pr. mars var medlemstalet 123 stk. Me har medlemmar i alle aldrar, med aldersgrense 9.klasse.

Bokn swingklubb ønskjer å danne eit aktivt dansemiljø i Bokn. Me arrangerer dansekurser og medlemskveldar. Medlemskveldane inneheld litt underhaldning, noko å bite i og dans.

Dei som ønskjer å bli medlem kan kontakta ein i styret, som består av:

Formann: Arild Ognøy
Kasserar: Ragnhild Ognøy
Sekretær: Karete Larsen
Musikkforvaltar: Harry Bokneberg
Styremedl.: Tor Kjell Foss
Styremedl.: Elia Aase

Helsing Styret

BARNETRIM

BARNETRIMMEN STARTAR OPP IGJEN MANDAG DEN 2. APRIL.

GRUPPE I

Jenter/gutar født 1983/84.
Start: Kl. 16.00.

GRUPPE II (liten/stor-gruppe)

Jenter/gutar født 1985/86/87.
Start: Kl. 16.45.

Dette er ei gruppe for barn m/foreldre.

Hilsen

Sigrunn/Marit Elin/May Elisabeth

ALLROMMET

Allrommet i Boknatun er etter kvart blitt meir og meir i bruk. Det er likevel framleis ein del ledig kapasitet både på dag- og kveldstid. Ta kontakt med ekspedisjonen i kommunen dersom du har behov for å leiga Allrommet.

NASJONALFORENINGENS OG SANITETSFORENINGENS LANDSUTLODNING 1989/90.

OBS: Lodd nr. 19641 har vunne i Bokn. (2 Stretchlaken)

BOKN SANITETSFORENING

VESTLANDSSWING

Nå er me blitt så flinke i swing, at me slår til med eit videregående kurs.

Kurset blir 27.-28. april, med Instruktør Odd Steinar Kvinnesland.

Påmelding sjå Ragnhild Ognøy (748563)

Kurs 1: fredag 18.00 - 20.30
lørdag 10.00 - 12.30

Kurs 2: fredag 20.30 - 23.00
lørdag 12.30 - 15.00

Pris: medlemmer Kr. 100,-
ikkje medlemmer " 150,-

Betaling ved fremmøte.

Bokn Swingklubb

SWINGKURS!

Søndag 8. april blir det swingkurs for 2.-5.klasse på Bokn skule. Me kjøyrer heile kurset i strekk, men då med 1 time matpause med servering av pølser og brus.

Instruktørar: Karete og Elia

Kurstid: 13.00 - 17.00

Pris: 60 kr.

Betaling ved frammmøte.

TA PÅ GODE SKO!

Bokn Swingklubb

UTLEIGE AV BEDEHUSLOKALET PÅ KYRKJEBYGD SKULE

Bokn kulturstyre har til nå fått søknad frå 3 ulike organisasjonar om leige av den delen av 3.etasje i Kyrkjebygd skule som vert ledig når bedehuset rundt årsskiftet flyttar sine aktivitetar til skulebygningen på Austre Bokn.

Bokn kulturstyre vil herved be om at alle som ynskjer å leiga lokal- et, sender søknad til kulturstyret innan utgangen av april 1990. Dei som har søkt tidlegare treng ikkje søkja på nytt.

FISKESKØYTA "SUNDA" R-37-B

Denne skøyta kom til Bokn i 1938. Det var brødrene Monrad / Magnus Alvestad og Arthur Aksdal som kjøpte den i lag.

Bygdabladet har snakka me to av dei, Arthur og Magnus.

Jo, dei hugsar godt når dei bestemte seg for å kjøpa skøyta. Det var om dei skulle våga og satsa kr. 20.000,- som den kosta? Men, akkurat då var det så gode vilkår med staten, kunne få opp til 40%. Dei skøytene som blei kjøpt omkring den tida gjekk for navnet "Nygårdvolds-skøytene".

Me bestilte "Sunda", den blei bygd på Svege Båtbyggeri ved Flekkefjord. Den var 44 fot og motoren var ein 35 hk Rapp.

Det var Magnus som var skipper. Utanom Monrad og Arthur var no Marton Våge, Ingvald Alvestad og Marselius Bokneberg med oss som mannskap i fleire år.

Dei fortel det var vinter-vårsild-brisling og makrellfisket den blei brukt til. Og dei var heldige, fiska bra i mange år. Det var no storsild-fisket som var gildast, seier Magnus. Me reiste på "bommen" som dei sa før. Me var dei første frå Bokn som byrja med dette. Det gjekk føre seg slik at me hjelpte ein "snurpar" når den kastar. Me fekk då 8-10% av fangsten. Og fekk dei meir i kastet enn den kunne lasta sjølv, håva dei det på oss. Når "snurparane" ropte på hjelp kunne det monge gonger gå hardt for seg. Då var det kven som kunne vera først og få slepelina om-


bord. Det betydde mykje kva motor og mannskap dei hadde. Og ein stor del i fiskeflåten kjende til dette.

Det hende me fylgde etter nokre snurparar og.

Me har og mange minner frå då me gjekk til lands, enten det var helg eller landliggje på grunn av dårleg vær. Då var det først til å stå i kø for å ringa heim. Og så var det besøk på skøytene. Kunne bli trongt i "lugaren", men me som hørde til skøyta kraup opp i køyene, seier Arthur. Men "håvene" hang utfor køykanten for me måtte få høyra kva som blei sagt. Temperatur og lukt trur eg ingen enste på. Det var ei gild tid. Men det kunne og vera hard kjøring. Han minnes eit vårsildfiske her ved Bokn.

Me gjekk 6 dagar etter kvarandre, først sette, så drog og så gjekk gjekk til Bjellands fabrikkar i Stavanger og leverte. Mange kunne vera før oss, så klokka kunne bli to om natta før me fekk levera. Og så på ann igjen neste dag. Eg trur spenningen overgjekk arbeide. Men eg var heldig for eg hadde alltid lett for å sova. Arthur kan og fortelja at om dei var tre eigarar om "Sunda" så gjekk det veldig godt. Kan aldri hugsa me delte eit vondt ord i lag. Og aldri klagde me på kvarandre.

I 1946 fekk me telefon og ekkolodd innstallert. Det gjekk snarare å ringa frå skøyta enn heima enn heima hugsar dei. Og i 1948 blei den forlengd til 52 fot, og tre år seinare skifta dei motor til ein 50 hk Winkman. Det var i



Sagvåg på Stord dei forlengde den. Ar- men tippar på 20.
thur fortel han minnes godt når dei Ja, tida forandra seg.
skar den i to der nord. Så sat der ein Utanom fisket blei "Sunda" brukt til
gamal mann "seilskuteskipper" og såg å føra sand og singel. Det var innante
på dei. Nei, stopp ikkje enno, nei dra fjordane, førte mykje til Haugesund når
den ut 2 fot til, seier denne karen. Og Risøybrua blei bygd. Og om hausten
slik blei det til at me forlengde den gjekk me til Bergen med poteter. Magnus
8 fot, men tanken vår var 6 fot. hugsar desse turane i krigen. Alle Tela-
vågs kvinnfolka kom og kjøpte poteter
av dei. Måtte henta potetene med nevane.
I Telavåg blei mannfolka sett i feng-
sel under krigen, fortel han.

Bygdabladet spør om dei hadde kvar si På bildet av "Sunda" som og er tatt i
køy på fisket? krigen, kan du merka deg at me blei "på-
Me hadde ei to-mannskøy, og mange lagt" og ha det norska flagget malt på
gonger kunne det vera stor aldersfor- skutesida. Og me har og det norske flagg-
skjell på dei som låg i lag. Og då et oppe.
hende det den eldste sa: "kom skal du Me selde "Sunda" i 1964, og då før den
få liggja med ann far". Det var vanleg tilbake til Flekkefjord. Der blei den
skøytene var slik, så det gjekk greit. brukte til reketral. Men etter få år blei
Bygdabladet spør Magnus om han hugsar den for veik og blei kondemnert.
kor mange "fiskebruk" her var i Bokn
på den tida?
Og han rekna opp, kjem til 16 i farten

L.V.

STADNAMN I BOKN

LAUPLAND

blei frå gammalt uttalt "Låbbland". et. Det vil seia at han låg i same
Truleg fekk garden namn etter fjell- klasse som Håland, litt i underkant
et "Loptstuå" som ligg vest for tun- av middels. Avkastinga var brukbar i
et. Grunntydinga av "lopt" er noko høve til tilsvarande gardar. Likevel
som lyfter seg høgt. Namnet tyder låg det eine av bruka på garden øy-
altså "landet ved den høge tua". de ei tid fyrst på 1700-talet.

Garden blei seinast rydda i folke- Elles var garden ein av dei utan-
vandringstida kring 400 e.Kr. Han forståande aldri fekk skikkeleg
låg mellom Hognåsen i vest og Laup- kontroll over. Han heldt fram i bon-
landsvågen i aust der skipstuffer deeige frå mellomalderen og like
fortel om utferdstrang alt før vik- fram til i dag.
ingetida.

I mellomalderen budde det truleg to Trælhaug blei også avfolka i sein-
bønder på garden, men den eine for- mellomalderen og hamna difor som
svann etter Svartedauden. Fyrst frå tilleggsjord for Lauplandsbonden.
kring 1620 var det på ny to bønder Namnet "Trælhaug" kan tyda på at
her. Den gamle røykstova som fram- denne garden blei rydda av frigjev-
leis står på garden, er truleg frå ne trælmar frå Laupland eller Vatna-
denne tida. land tidleg i mellomalderen. Træl-
haug blei fyrst gjenrydda som hus-
mannsplass sist på 1600-talet og
avgrensa som eigen gard kring 1720.

Laupland blei verdsett til 36 spann Birger Lindanger
korn (=280 kilo) fyrst på 1600-tal-


...det er vi som selger

BLINK En fulltreffer
OHUS FORSLAG TIL NYKKEN-
TEGNING • BYGGESAKSBEHANDLING...

FOR AVTALE PÅ BOKN
RING SOLVEIG GUNDERSEN
TLF. 748501

UTVIK

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF. (047) 43 111



"MORO UTAN RUS"

"Moro utan rus" er eit diskotek arrangement med aldersgrense 7. klasse. Det er to organisasjonar som har gått saman om å gjere eit tilbud til ungdommen i Bokn. Organisasjonane er "Petra" og "Bokn diskotek". "Moro utan rus" er på fredagane mellom 20.00 og 23.00. Dei seier at alt har gått bra, og mange ungdommer møtte fram. Det starta fordi at ungdommen hadde lite å gjera på fredagskveldane.



INNSKRIVING

Den 10. januar blei førskulen innskrivne på skulen. Dei blir i 1. klasse til hausten. Neste skuleår kjem det inn 9 nye 1. klassingar. Dei som blei innskrivne er:

- Nina Alvestad
- Kirstin Hosaas
- Tor Inge Søbo
- Hanna Aksadal
- Eilen Elise Ognøy
- Elise Marie Tollaksen
- Cecilie Larsen
- Monica Lindanger
- Susanne Grønneestad

Som nok dei fleste veit har me eit fadderssystem her på skulen. Dei som er 5. klasse i år er fadderane til den nye klassen.

Førskulen skal vere sjå oss kvar onsdag (4 siste timane) ut skuleåret.

Me håpar dei vil trivast her på skulen vår, og vnskjer dei lykke til i deiira "karriere" på Bokn skule.

NY BARNEHAGESTYRAR

Tone Bergesen heiter den nye barnehagestyrraren. Ho kjem frå Haugesund, men jobba i Utsira Barnehage før ho kom til Bokn. For å bli barnehagestyrrar må me etter gymnas, gå 3 år på lærar skulen. Tone visste lite om Bokn før ho søkte her. Forskjellen i barnehagane er antall ungar. På Utsira var det bare 9 ungar, medan i Bokn er det 25. Tone skal busetja seg på Bokn. Ho valgte Bokn fordi det er meir sentralt enn Utsira!!

ME ØNSKJE HENNE VELKOMMEN.



TEMAKVELD

Mandag 5. mars hadde 6.klasse temakveld. Temakveld er slik at klassen er delt opp i grupper med foreldre på kvar gruppe.




Me får ikkje lov å sitja på gruppe med våre egne foreldre. Det er fordi at me skal bli betre kjende med alle sine foreldre, og dermed skapa eit godt klassemiljø.

Denna gongen hadde me reklame som tema. På temakvelden lærte me om reklame.

Korleis me driv reklame, korleis få oppmerksomhet på det produktet ein vil seljja, og få mykje pengar for. Reklame får me t.d. i radio, TV, postkasse, avis, vekelblad og plakatar i butikkane.

barneside

REBUSAR



Bokn
9. april
5. mai
2. juni
3. juli
4. august
11. september
Stord
REBUSAR: 1. Bokn

3. F

4.

5. ABCDEF6. a b c d e f

1	2	3	4	5	6	7	8

8.

TILBOD I OFFENTLEG TANNHELSETENESTE PRIORITERTE GRUPPER

- 0-18 år Fri behandling på off.klinikk.Betaler sjølv kjeveortopediske plater og idrettsskjenar.Fylkeskommunen refunderer for akuttbehandling hjå private tannlegar når off.tannlege ikkje er å få tak i.
- Psyk.utv.h. Fri behandling på off. klinikk.
- Eldre,uføre, langtidssjuke i institusjon, aldersheimar, heimesj.pleie Fri behandling på off.klinikk.Sjukeheimar/kombinerte sjuke- og aldersheimar/sjukehus betaler teknikerutgifter for sitt klientell.Fylkeskommunen betaler teknikerutg. for personar i aldersheimar og heimesjukepleie.
- 19-20 år Betaler 25% av takst + teknikerutg.Betaler sjølv spesialbehandling og akuttbehandl. som ikkje blir utført på off.tannklinikk.
- Alkoholismomsorga Fri behandling på off.klinikk.Fylkeskommunen betaler teknikerutgifter.
- Psykiatriske pas.i poliklinisk behandl. Fri behandling på off.klinikk.Betaler sjølv teknikerutgifter. Attest for psykiatrisk behandling.
- Pleiepasientar i pleie av pårørende. Fri behandling på off.klinikk.Betaler sjølv teknikerutgifter. Pleiebehovet må attesterast av lege.
- Flyktningar/ asylsøkjjarar Tilbod om tannbehandlin på off.klinikk.Innvandrarkontor/Statleg mottak dekkjer utgifter etter godkjent søknad.
- Vaksne,betalande. Kan få tannbehandling på off.klinikk etter vanleg takst.

For alle prioriterte grupper gjeld:Fylkeskommunen refunderer ikkje for kjeveortopedisk behandling eller for skyss.

Når det gjeld alderspensjonistar,dekker Bokn kommune behandling ved folketannrøkta i Bokn tilsvarande 0,5 times behandling.Dette gjeld berre dei som ikkje får dekning etter andre reglar.


SALLY PÅ ARSMØTET I BOKN HANDELSLAG

Ca. 180-190 personar opplevde Sally i eigen person under årsmøtet i Bokn Handelslag den 22.mars. Laget har ikkje planar om å gå inn for samanslåing med andre S-lag i Nord-Fylket.

Med medbragt pianist sto ho for både viser,opplesing og historier som vakte både lått og løye. Nytt styre er: Varamenn: Birger Lindanger Svanhild Alvestad Helga Foss Ingebjørg Larsen Haldis Grønnestad Trine Grønnestad

Bokn Handelslag har hatt ein omsetningsauke på 18,32% frå 1988 til 1989,og hadde ein total brutto omsetnad på 20,5 mill. kroner i 1989. Leiv Våga Arvid K.Jøsang Ståle Trosnavåg Annbjørn Sunde

BOKN FOLKEBIBLIOTEK



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG: 16 - 19

TORSDAG: 10 - 13.30

LESETIPS

VAKSNE

- *Sandel, Cora:
Kranes Konditori
- *Lenz, Serge:
Vladimir Rubajev
eller i fantasiens
grenseland.
- *Manning, Olivia:
I skyggen av en krig.
- *Auel, Jean M.:
Hulebjørnens klan.



BARN OG UNGDOM

- *Pohl, Peter:
Janne min venn.
- *Michelet, Jon:
Den flygende Brasilianer
- *Norvalls, Tuppen:
Trenger deg ikke.
- *Nygaard, G.A.:
Abels hus.
- *Abrahamsen, Aa.F.:
Marianne på sykehus.



BOKKAFÉ

FRITIDSKLUBBEN "PETRA" HAR
BOKKAFÉ I ALLROMMET ONSDAG
18.04. FRA KL. 16.00-19.00

BARNETIME

BARNETIME PÅ BIBLIOTEKET
ONSDAG 18.04. KL. 17.00

GÅVE TIL ELSE NILSSEN.

Ved ei tilstelling den 13.mars fekk Else Nilssen tildelt Kommunenes sentralforbund sitt hedersmerke med

diplom for 30 års offentlig teneste.

Ho fekk også ei gåve frå Bokn kom. (krystallvase og skål)

Fra en pensjonist

Bygdeblad, og hva der i, er prente, leser boknare mer, enn Det nye Testamente.

Derfor er det greit, på denne måte få takke, for tyve års følge i med- og motbakke.

Når nyfødte barn skrek i vilden sky, og gav besetning på ferjen litt ekstra bry. Når hjertet, hos noen fikk kluss med motoren, ja da kunne veien være lang over fjorden.

Men også de mange som fikk stell der hjemme dem skal jeg ikke i tankene glemme.

Mang en heklebrikke i vesken fikk plass.

Litt honning, litt saft eller sylte-tøyglass.

En "god kinn" en klem et takknemlig blick.

Var beste betaling for jobben jeg fikk.

Takk til alle for hjelp og assistanse

Takk til de som har kjørt ambulanse

Takk til kollegaer ved sjukestuen

Takk til den enkelte boknarbuen

Men største takken skal Vårherre ha

Han var der hver gang jeg stille bad

Han sto ved dødsleie Han sto ved

Vuggen

Gud velsigne dere alle på Bokn.

Else


Sparebankenes Personkort



Alt du trenger



Barn og ulykker



Over en fjerdedel av alle barneulykker skjer i hjemmet. 30.000 barn rammes årlig.

To tredjedeler av disse ulykkene rammer barn fra 2–4 år.

De fleste av disse ulykkene kan unngås.

Ved nybygg koster det ca. 2–3000 kr. å barnesikre en bolig.

KLIPP FRÅ ÅRSMELDING 1990 FRÅ JORDBRUKSETATEN
I TYSVÆR-BOKN-HAUGESUND

Jordbruksetaten.

1.1 Ver og avling i jordbruket.

Etter ein svært mild og snøfattig vinter kom våren tidleg og med tolleg bra arbeidsver.

I vekstsesongen var det stort sett lagleg ver med høveleg nedbør og varme, då særleg for grasvokstrar. Som svært vanleg blei det heller store nedbørmengder frå midt i august og heile hausten utover. Det blei også mildt utover seinhausten og førjulsvinteren, med berre ein kort kuldebolk ut i desember.

Våronna kom i gang på normal tid og gjekk greit unna. Samla grasavling blei omlag normal årsavling. Som vanleg blei det meste lagt i silo, men noko blei rundballeensilert. Turking til høyr har også tatt seg noko meir opp dei siste åra.

framh. s.14

1.2 Husdyrbruket.

Tabellen viser dyretala for 1989 samanlikna med 1988:

	Mjølke- kyr	andre storfe	vinterf. sau	avls- purker	sl. svin	høner	slakte kylling
Bokn							
1989	264	641	2458	54	355	5105	-
1988	265	584	2445	58	301	5110	-

3.1.1. Landbruksbanken.

Det er i 1989 løyvd lån til desse tiltaka i distriktet:

	Tysvær		Bokn		Haugesund	
	Ant.	beløp (1000 kr)	ant.	beløp (1000 kr)	ant.	beløp (1000 kr)
Driftsbygn.	1	270	-	-	-	-
Veksthus	1	300	-	-	-	-
Tilleggslån	1	100	1	170	-	-
Kjøp av eigned.	1	150	1	40	-	-
Nye våningshus	3	1.070	1	350	-	-
Rep. "	1	150	-	-	-	-
Miljølån	8	572	-	-	1	63

3.1.2. Investeringstilskot.

Det er løyvd tilskot til desse tiltaka:

	Tysvær		Bokn		Haugesund	
	tal søker.	da	tal søker.	da	tal søker.	da
Fulldyrking	6	45	2	16	1	2
Senking	4	111	-	-	-	-
Tekn.miljø	12	-	2	-	2	-

Tekn. miljøtiltak fordelt på deltiltak:

	Tysvær	Bokn	Haugesund
Gjødsellager	12	2	2
Mjølkeromsavløp	5	-	-
Pressaftanlegg	7	1	1
Husholdn.kloakk	2	2	1

3.1.3. Produksjonstillegg.

Det er i 1989 betalt ut produksjonstillegg og fordelt på tal søkjarar slik:

Bokn				
Tal søkjarar	69	68		
Produksjonstillegg	2.010.683	1.974.550	3.985.233	

Avløysarordninga for ferie og fritid.

	Rett på avl.		Nytta avl.		Utnytting i %	
	1988	1989	1988	1989	1988	1989
Tysvær	391	395	286	332	73 %	84 %
Bokn	68	67	60	61	88 %	91 %
Haugesund	61	64	41	42	67 %	66 %

3.2 Landbruksnemndene

Landbruksnemndene i Tysvær, Bokn og Haugesund har i år hatt 4 møter kvar. I tillegg har landbruksnemnda i Tysvær hatt ein dag med berre synfaring.

Har nedanfor sett opp ei oppstilling av behandla saker gjennom året og for samanlikning også saker behandla i 1988:

Bokn:						
1989	25	5	8	4	7	6
1988	23	8	8	1	7	7

I Bokn har dei viktigaste sakene vore Kommunedelplanen Øyren - Are og hytteplan for Bokn.



UTSTILLING

BOKN FOLKEBIBLIOTEK

FRÅ TIRSDAG 10.04 - TORSDAG 19.04.

SE 2. VERDENSKRIG PÅ BIBLIOTEKET DITT !
Utstilling med bilder av kjente hendelser, avisfaksimiler, plakater og opprop

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG: 16 - 19

TORSDAG: 10 - 13.30

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr. 10,-.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT I APRIL

- 01.04. Revy - Arr.: 7.klasse
NB! kl.15.30 (gymsalen)
- 06.04. Bingo - Arr.:Skulekorpset.
- 09.04. Kino
- 16.04. Kino
- 22.04. Konsert - Arr.:Bokn Brass
- 24.04. Basar - Sjømannsforeningen
(B.skule)
- 28.04. Dans - Arr.:Bokn Brass.
Musikk v/"Hard To Handle"
- 01.05. Jubileumskonsert -
Arr.:Bokn Brass.

KYRKJEBYGD SØNDAGSSKULE

Det vert søndagsskule på "gamleskulen"
desse dagane i april:

8. og 29.april

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 9.mars.
Påmelding til sosialkontoret 748500.

LEGE

Det vert ikkje doktordag tirsdag 10.
april.

SKULESTYREMØTE

Skulestyret har møte tysdag 3.april
kl.15.00 på tekstilrommet på skulen.

Skulesjefen. Mai:

BOKN SKULE LEDIG STILLING

Ved Bokn skule er ledig vikariat for
lærer 11.mai - 14.juni 1990.

Søknad vert å senda skulekontoret,
4290 Føresvik innan 2.april 1990.

BOKN SPEIDARANE ER I GONG!

Laurdag 7.april trekkest 6 nydelege
kaker (speidarlaga).

Loddsal på førehand.

+ innsamling av tomflasker

(så rydd opp i kjellaren)

Vi kjem rundt.....

BOKN KFUK
KFUM

TIL SALGS

Videokamera Sanyo - lite brukt
til salgs - godt kjøp.
Henv. tlf.748355 - Arthur.

BOKN BARNEHAGE

BARNEHAGEPLASS FRÅ 01.08.90.

Fristen for å søkje om plass i barne-
hagen frå 01.08.90 er sett til tysdag
17.april 1990.

Søknadsskjema kan ein få i barnehagen
eller på skulekontoret.

Søknaden vert å senda Bokn barnehage.

BOKN KYRKJE

GUDSTENESTER I APRIL/MAI

April: 1.,13.(langfredag),16.(2.
påskedag,22.(kveld/samtale
konfirmantar)

Mai: 6.(Konfirmasjon),17.(kl.10),
24.(Kr.himmelfartsdag/bis-
kopen)

ØNSKES KJØPT

Me i fritidsklubben ønsker å kjøpe/
få gamle møbler.

Kontakt Jan Kristian,tlf.748489.